

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Samarbeidsutvala
Dato: 9.12.2021
Sakshandsamar: Simon Øverland, Seksjon for samhandling, Helse Bergen
Saka gjeld: Orientering om nytt prosjekt: «Samhandlingsforløp barn og unge»
Saksnummer: 58/21

Innleiing/om saka

Det pågår ei rekke prosjekt og initiativ for å skape meir heilskaplege og betre koordinerte tenester for barn og unge. Slikt arbeid er i gang internt hjå partane i samarbeidsstrukturen, mellom partane, og andre stader i landet. I Helse Bergen har me sett behov for å få ei betre oversikt over aktivitetane på dette området, for å utvikle arbeidet vårt både internt og i samhandlinga. Helse Bergen har difor tatt initiativ til eit prosjekt som i første omgang skal jobbe med interne pågåande prosessar med relevans for samhandling. I den vidare utviklinga er det sterkt ønskjeleg med breitt samarbeid. Prosjektet er difor internt forankra i Seksjon for samhandling, og me har bedt om å få orientere samarbeidsstrukturen om prosjektet i tidleg fase. Gjennom dette ønskjer me å legge grunnlag for innspel, å identifisere moglege prosjektkoplingar og for å kunne invitere til samarbeid i den vidare prosjektutviklinga etterkvart.

Bakgrunn

Behov og påtrykk for betre samanheng og koordinering av tenestetilbodet for barn og unge kjem til uttrykk i både offentlige utgreingar, tilsyns- og forskingsrapportar, brukartilbakemeldingar med meir. Behova for forbetring gjeld både innan tenesteområde, og mellom tenestenivå.

Det nye sjukehusbygget for barn og unge i Helse Bergen («Glasblokkene») skal tas i bruk i 2023. Grunntanken for bygget er at «eksperten skal komme til barnet». Eit omfattande organisasjonsutviklingsprosjekt går parallelt med byggeprosjektet, og er ein viktig drivar for arbeidet med å skape betre samanheng og meir koordinerte forløp for barn og unge på sjukehuset. I dette arbeidet ligg der eit viktig potensiale for betre samhandling og overgangar mellom sjukehus, andre helsetenester og daglegliv. Det har vore ønskje om å støtte dette viktige interne arbeidet gjennom å styrke perspektivet på samhandlinga utanfor sjukehuset.


I innleiande fase er det tenkt at prosjektet skal jobbe med oversikt over aktørar, pågåande og gjennomført aktivitet, og analyse av pasientforløp. I dette arbeidet vil ein kunne ta utgangspunkt i fleire andre pågåande prosjekt. Dømer på dette er prosjektet «Saman for Barn og Unge», der Bergen Kommune og Helse Bergen no jobbar saman, og som er under planlegging i andre deler av samhandlingsstrukturen.

Det er gjort eit stort arbeid med analyser av pasientforløp og pasientgrunnlag i samband med planlegginga av «Glasblokkene». Me vil sjå på desse analysene på nytt, og eventuelt oppdatere og utvide dei, og undersøke potensialet for å betre samhandlinga.

Vidare vil me samle erfaring frå dei mange andre prosjekta og initiativa for å styrke samhandling for barn og unge. Me vil samle erfaringar og kunnskap om arbeidsmåtar og modellar frå relevante prosjekt og metodar som er under planlegging, i drift eller gjennomført, oppsummere desse, og trekke saman korleis me kan bruke dei til å styrke vårt vidare utviklingsarbeid.

På bakgrunn av oversikt over aktørar, arbeidsmåtar og pasientforløp vil prosjektet gå vidare til å foreslå konkrete grep, pilotere desse, og oppsummere erfaringane.

Skisse over planlagde aktivitetar:



For å lukkast, er det ønskjeleg å utviklast og gjennomføre arbeidet saman med andre, og med gjensidig informasjon til andre pågåande prosessar og prosjekt. Prosjektet skal både kunne gje meirverdi til andre pågåande interne prosjekt i Helse Bergen, og må ha god kopling til eksterne fagmiljø og aktørar i samhandlingsstrukturen. Dette er viktige omsyn med tanke på den vidare organiseringa av prosjektet og val av styringsmodell.

Vidare utvikling

Helse Bergen har til no jobba internt med å etablere eit prosjekt som kan ta fatt på dette arbeidet. Internt i Helse Bergen er ein av dei mest sentrale avhengigheitene

organisasjonsutviklingsprosjektet rundt «Glasblokkene», og ein god og tett dialog opp mot aktiviteten i dette arbeidet er avgjerande.

Det er ønskeleg å invitere representantar og kompetanse gjennom samhandlingsstrukturen inn i arbeidet etterkvart. Dømer på aktuelle samarbeidsformer kan vere gjennom deltaking i referansegruppe, arbeid med konkrete deloppgåver, og som deltakarar i innspelsmøter undervegs. I fyrste fase ønskjer me å informere om dette arbeidet, invitere til innspel om moglege samarbeidsformer og andre prosjekt og prosessar som er viktige at dette arbeidet koplast opp mot.

Målsetnadane for prosjektet gjer det naturleg å nytte samhandlingsstrukturen til å informere og involvere, og me inviterer gjennom dette saksframlegget til vidare dialog om prosjektet.